

Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 13/7964-39

Kulturutviklingsmidlar 2014 - tildeling

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kulturutviklingsmidlar til følgjande nye tiltak i 2014:

Søkjjar:	Tiltak:	Tilråding
Bremanger kulturlag	Der båra bryt	30 000
Sum		30 000

2. Det vert løyvd midlar i 2014 til følgjande prosjekt som også fekk midlar i 2013:

Søkjjar:	Tiltak:	Tilråding
Teaterfestivalen i Fjaler	Teaterfestivalen	70 000
Jakob Sande Selskapet	Vidare utvikling og drift av Jakob Sande-tunet	80 000
Gry Buer	Alt lys på Solund	100 000
Hanne B. Oftedal	Forteljarane kjem	15 000
Vevringutstillinga	Vevringutstillinga 2014	70 000
Jorun Barane	World Heritage Storytelling	25 000
Nynorske litteraturdagar	Nynorske litteraturdagar 2014	100 000
Åmot Operagard	Konsertserie 2014	30 000
Sum		490 000

3. Det vert løyvd midlar til følgjande fylkeskommunale utviklingsavtalar:

	Tiltak:	Tilråding
Sogn og Fjordane Idrettskrins	Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år"	75 000
Gloppen musikkfest	Gloppen musikkfest	75 000
Sum		150 000

4. Det vert ikkje løyvd kulturutviklingsmidlar til:

Søkjjar:	Tiltak:
Anne Reidun Sørensen	Rødseter- istandsetting av bygningar
Flora kommune	Strengleik – musikkutviklingsprosjekt og musikkfestival
29-2 AURLAND AS - 2 Aurland AS	Fotoutstillinga: 29-2 Aurland «Den gong då, her, no»»

UL Dæmring	Universell utforming skulehuset Dæmring
Nærøyfjorden verdsarvpark	Otternes Bygdetun og Lærdalsøyri - restaureringsfaglege nav i Indre Sogn
Stiftelsen danse- og teatersentrum	Den nasjonale teaterkalenderen - all scenekunst i Norge under samme tak.
Aurland elveeigarlag	Film om Aurlandselva
Idrettslaget Frøy	Trappeløypa i Kalvåg
Falkeblikk AS	Rock og øl – Kinn bryggeri møter Skambankt
Komet Film AS	Som ein reier ... (så ligg man)
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	Nytt formidlings- og bevaringsbygg for Holevikjekta, Gløppen

5. Søknader som er vurdert etter retningslinene for kulturmidlar:

Søkjjar:	Tiltak:	Tilråding
Hanne B. Oftedal	Biblioteksturne «Ord og tonar» m/Unni Løvlid	20 000
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Huset i bygda – ein trygg og aktiv kulturarena for alle	50 000
Kaja Nordang	«Sprell» Teaterskule for born og unge	20 000
Rekruttskulen	Rekruttskulen «Grand Jeté»	40 000
Gruppe MiM + WW	MiM & Holdensen i Marokko	15 000
Norsk fjordhestsenter	Fjordhest for folket	15 000
Sum		160 000

6. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført, godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

Vedlegg:

1. Vurdering av søkjarane 2014
2. Økonomisk oversikt over søknadane 2014
3. Retningsliner for kulturutviklingsmidlar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kulturutviklingsmidlane vert lyst ut kvart år med søknadsfrist 15. januar. Søknadsfristen er samordna med andre tilskotsordningar frå fylkeskommunen slik at søknadsmassen vert vurdert under eitt.

Målet med kulturutviklingsmidlane er at fylkeskommunen saman med lokale, andre regionale, statlege og/eller private aktørar, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i Sogn og Fjordane.

Midlane skal nyttast til satsingar som korresponderer med fylkesplanen sine program og kulturstrategien sine satsingsområde. Utviklingstiltaket må halde eit høgt kvalitativt nivå for å få tilskot.

Kulturutviklingsmidlane er kultursektoren sine frie midlar for å gjennomføre vedtekne planar og strategiar. Midlane skal gje handlingsrom til å oppnå måla sett i kulturstrategien.

I tillegg skal utviklingsmidlane gå til søkjarar som gjennom prosjekt og satsingar ønskjer å bidra til nyskaping og utvikling og til å fremje og utvikle spennande og dristige kultursatsingar. Midlane må vere ein del av ei felles satsing der andre finansieringskjelder vert nytta. Bidrag frå fylkeskommunen sine kulturutviklingsmidlar skal i hovudsak ikkje overstige 1/3 av samla finansiering. I retningslinene er det også sagt at det er eit mål å konsentrere innsatsen om færre tiltak, og at om lag halvparten av midlane skal nyttast til å etablere nye tiltak og utvikle desse.

I retningslinene for kulturutviklingsmidlane heiter det m.a. at målet med midlane er at fylkeskommunen saman med lokale, andre regionale, statlege og private aktørar elles, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i Sogn og Fjordane. Det er sett krav om at tiltaka må halde høgt kvalitativt nivå.

Alle søknader skal innehalde opplysningar om:

- Kven som er ansvarleg for planlegging, økonomi og gjennomføring av tiltaket
- Prosjektomtale, med bakgrunn for og føremål med tiltaket
- Framdriftsplan, med forventa start- og avslutningstidspunkt
- Kommunal/lokal medfinansiering
- Budsjett og finansieringsplan

Generelt vert det knytt slike vilkår til utbetaling av kulturutviklingsmidlane:

- Rapport for bruken av midlane må vere innsendt før utbetaling. Siste frist for innsending av rapport er 1. november i tildelingsåret
- Ved tilskot på Kr. 100 000 eller meir skal det som hovudregel leverast revidert rekneskapsrapport
- Tiltaket må vere fullfinansiert. Søknaden må innehalde detaljert finansieringsplan der faktorar som storleik på eigenkapital, tilskot frå lokale, regionale og nasjonale bidragsytarar m. m. er synleggjort
- Søknadsansvarleg vert oppmoda om å opplyse i skriv, annonser m. m. at fylkeskommunen støttar tiltaket. Det er vidare sett vilkår om at arrangørar som mottok økonomisk støtte aksepterer følgjekortordninga
- Midlane skal nyttast slik at mottakar sit at med høgare kompetanse og profesjonalitet innan det område tiltaket omfattar.

Vilkår ut over dette er spesifisert i samband med omtale av den einskilde søknad og i tilsegnsbrev.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er 23 søknader som vert vurdert etter retningslinene for utviklingsmidlar. I 2013 var det 30 søknader, 20 søknader i 2012 og 14 i 2011. Fylkesdirektøren har hatt ein gjennomgang og fordelt søknadane i høve riktig tilskotsordning. Fylkesdirektøren har også hatt ein gjennomgang med andre sektorar i fylkeskommunen om søknader som bør vurderast i høve til andre tilskotsordningar.

Fylkesdirektøren viser til vedlegg 1 - Vurdering av søkjarane 2014 for nærare skildring og vurdering av kvar søknad.

Søknadene viser stor variasjon i innhald, omfang og geografisk plassering. Nokre har høg grad av nyskaping og kunstutvikling i seg, medan andre legg vekt på historiske, pedagogiske og andre formidlingsformer i sine uttrykk. Mange søknader ber i seg eit regionalt aspekt, nokre ber i seg både nasjonalt og internasjonalt potensiale, medan andre har eit meir lokalt fokus. Det er mange nye søkjarar i år, men ein finn og att søkjarar frå tidlegare år. Samla viser omfanget og innhaldet eit omfattande samfunnsbidrag i vår region, og ein ser at utviklingstiltak innan kultur er ein sterk bidragsytar til lokal samfunnsutvikling. Det som er spesielt i år er at det er mange nye søknader som ein ikkje finn rom for å stette, enten fordi dei ligg langt utanfor rammene for utviklingsmidlar, høyrer heime under andre tilskotsordningar (t.d. spelemidlar) eller er vurdert som tiltak som først og fremst har lokal verdi.

Fleire av tiltaka det vert søkt midlar til kan sjåast på som næringsutvikling, eller ligg i grensa mellom kulturutvikling og samfunns- og næringsutvikling. Det er på administrativt nivå ført

drøftingar med andre avdelingar i dei høve der søknadar bør handsamast i andre avdelingar. Innovasjon Norge og kommunane gir bedriftsretta stønad, mens hovudutval for plan og næring i fylket arbeider med tilretteleggande tiltak.

Kulturlova slår fast at det er det offentlege sitt ansvar, kommunane – likt som fylkeskommunane og staten – å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. Dette gjeld også i høve til profesjonelle og i høve til kvalitet. Ein skal også sikre at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

16 av dei 23 søknadane budsjetterer med kommunale tilskot, men då ofte i eit betydeleg mindre omfang enn kva ein søker fylkeskommunen om. Den kommunale medfinansieringa er likevel større i år enn tidlegare. Det må og seiast at nokre av søknadane som ikkje budsjetterer med kommunalt tilskot ber i seg eit så stort regionalt fokus at det ikkje er å forventa kommunale tilskot.

2.1 Prinsipielle vurderingar

Det er enkelte utfordringar innan nokre tema/kunstuttrykk som går igjen frå år til år. Desse utfordringane heng til ein viss grad saman. Fylkesdirektøren ønskjer difor å drøfte desse særleg, slik at ein har ein basis for prinsipielle avgjerder frametter.

1. Drift vs utvikling

Midlane skal gå til utviklingstiltak, men ein ser at over tid så kan ein skilte prosjekt eller tiltak kome i den situasjon at utviklingsaspektet går over til ei dagleg drift. Ein søker å motverke dette ved at søkjarane ikkje kan motta midlar i meir enn 3 år. Men praksis viser at enkelte gode tiltak ikkje har andre finansieringsmoglegheiter og difor får midlar i fleire år til tiltaket. Å vurdere når grensa mellom nyskapande utviklingstiltak og drift er nådd kan vere vanskeleg. I vedlegg 2 – Økonomisk oversyn over søknadane er tidlegare tilskot vist for å illustrere dette. Utfordringa er likevel mindre i år enn tidlegare i og med at Fylkesdirektøren har funne rom for å overføre nokre av søknadane som no naturleg høyrer inn under kulturmidlar (som er tilskot til drift) til denne tilskotsordninga i år. Desse finn ein i punkt 6 i vedtaket.

2. Idèutvikling

Tilbakemeldingar frå kulturaktørar er at mykje av tilskotsmidlane som ein kan søkje på i dag er prosjektbaserte midlar. Det er vanskelegare å skaffe føreseielege midlar til drift av tiltak og midlar til å utvikle idear fram til eit gjennomførbart arrangement, tiltak eller prosjekt. Kulturutviklingsmidlane vert meir og meir avgrensa og fylkesdirektøren foreslår at ein vinklar tilskotsprofilen meir i retning av forprosjekt og idèutvikling. Dette for å skape rom for å oppnå intensjonen med utviklingsmidlane, som skal gå til dristige og nyskapande kultursatsingar i fylket.

3. Gjennomføring av kulturstrategien

Fylkesdirektøren vektlegg sterkare at prioriteringane korresponderer med føremålet der ein viser kulturutviklingsmidlane skal nyttast til satsingar som korresponderer med fylkesplanen sine program og kulturstrategien sine satsingsområde. Utviklingstiltaket må halde eit høgt kvalitativt nivå for å få tilskot.

4. Kulturnæringar

Mange søknader gjeld tiltak som er innanfor kulturnæringane. Desse har gjerne store finansieringsbehov, som ein ikkje kan støtte gjennom denne tilskotsordninga. Fylkesdirektøren viser her til t.d. Vestnorsk Filmsenter som får driftsstøtte og samtidig ganske store prosjektstønader frå Hordaland og Møre og Romsdal. Søknader om produksjonsstønad til film er eit anna døme. Her er næringsaspektet veldig tydeleg i kultursatsinga. Om fylkeskommunen hadde eit kulturnæringsfond kunne denne typen søknader vorte kanalisert til dette.

2.2 Vurderingar

Når fylkesdirektøren har vurdert søknadane har ein lagt vekt på utviklingsfokuset i søknadane. Vurderingane er knytt opp mot eksisterande kulturstrategi samtidig som ein har lagt vekt på innspel i prosessen og prioriteringar i den nye kulturstrategien 2014 – 2017 som no er på høyring.

Ein legg også vekt på å stimulere den kunstfaglege utviklinga i fylket gjennom å støtte prosessane som på sikt leiar fram mot eit resultat, da dette er vanskeleg å få stønad til frå andre finansieringskjelder.

2.3 Tidlegare vedtak/bindingar på og vidare disponering

Til hovudutvalet sin disposisjon er det i budsjettet 2014 av 1,2 mill kr til utviklingstiltak (I budsjett 2014 står det 1,5, men det kom ein reduksjon i arb.dok 5/13 som ikkje vart med i budsjetteksten). Dette er ein reduksjon på 0,7 mill kr frå 2013.

Tidlegare vedtak/bindingar

Hovudutvalet / Fylkestinget har tidlegare gitt tilskot til ein del tiltak som forventar løyving i 2014. Desse er sett av i budsjettet i tillegg til dei 1,2 mill.

Disponeringa av avsette midlar til utviklingsføremål i 2014 ser slik ut:

Vestnorsk Filmsenter, FT-sak 06/12	kr 300 000
Selje, FT-sak. Budsjett 2013	kr 100 000
Kunststipend, FT-sak, budsjett 2013	kr 100 000
Totalt	Kr 500 000

Framlegg til vidare disponering

Vedtak som er gjort i HK i 2014 og søknader som ikkje er politisk handsama enda.

Kråkenesmarka, skyttarstadion, søknad. Sum reservert for mogleg handsaming i HK 17.06.14	kr 100 000
Fartøyvern, HK sak 13/14	kr 200 000
Kystpilgrim, HK sak 3/14	kr 200 000
Totalt	Kr 500 000

Dei resterande, frie utviklingsmidlane på totalt 700 000 kr vert foreslått vurdert som skissert i vedlegg 1 - Vurdering av søkjarane 2014.

Her vert det foreslått denne disponeringa:

1. Nye, innkomne søknader som vert tilrådd løyving, totalt 1 søknad. Det vert tilrådd løyvingar her på 30 000 kr.
2. Det vert gjort framlegg om å løyve midlar i 2014 til 8 prosjekt som også fekk midlar i 2013, tilrådde løyvingar på 490 000 kr.
3. Det vert også rådd til å løyve midlar til eit fylkeskommunalt prosjekt med utviklingsavtaler med frivillige organisasjonar, her er det tilrådd å sette av 150 000 kr til to prosjekt.
4. Det vert rådd til 11 avslag på søknad om midlar.
5. Med slike disponeringar vil det stå att 30 000 kr til seinare disposisjon til nye prosjekt, klagehandsaming, e.l.

2.4 Kulturmidlar

Vedlegg 1 - Vurdering av søkjarane 2014 viser også ei skildring og vurdering av 6 søknader som er vurdert innanfor denne tilskotsordninga. Det vert foreslått å løyve totalt kr 160 000 til desse 6 søknadane.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår til løyvingar som vist i framlegg til vedtak.